

KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/69/09

av 15. desember 2008

om endring av vedtak 2001/405/EF, 2002/255/EF, 2002/371/EF, 2002/740/EF, 2002/741/EF, 2005/341/EF og 2005/343/EF om lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til visse produkt, skal gjelde for

[meldt under nummeret K(2008) 8442]

(2008/962/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsvedtak 2001/405/EF av 4. mai 2001 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mjukpapirprodukt⁽²⁾ sluttar å gjelde 4. mai 2009.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/255/EF av 25. mars 2002 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsynsapparat⁽³⁾ sluttar å gjelde 31. mars 2009.
- 3) Kommisjonsvedtak 2002/371/EF av 15. mai 2002 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilprodukt⁽⁴⁾ sluttar å gjelde 31. mai 2009.
- 4) Kommisjonsvedtak 2002/740/EF av 3. september 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til madrassar, og om endring av vedtak 98/634/EF⁽⁵⁾ sluttar å gjelde 28. februar 2009.
- 5) Kommisjonsvedtak 2002/741/EF av 4. september 2002 om fastsettelse av reviderte miljøkriterier for tildeling

av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir og grafisk papir og om endring av vedtak 1999/554/EF⁽⁶⁾ sluttar å gjelde 28. februar 2009.

- 6) Kommisjonsvedtak 2005/341/EF av 11. april 2005 om fastsetjing av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til personlege datamaskiner⁽⁷⁾ sluttar å gjelde 30. april 2009.
- 7) Kommisjonsvedtak 2005/343/EF av 11. april 2005 om fastsetjing av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll med omsyn til tildeling av fellesskapsmiljømerket til berbare datamaskiner⁽⁸⁾ sluttar å gjelde 30. april 2009.
- 8) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ein revisjon av miljøkriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførte ved dei nemnde vedtaka.
- 9) Ettersom revisjonen av desse vedtaka er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast. Det tidsrommet som miljøkriteria skal gjelde for, bør lengjast med sju månader for vedtak 2002/255/EF og 2002/371/EF, med åtte månader for vedtak 2001/405/EF, med ti månader for vedtak 2002/740/EF, med 13 månader for vedtak 2005/341/EF og 2005/343/EF og med 15 månader for vedtak 2002/741/EF.
- 10) Vedtak 2001/405/EF, 2002/255/EF, 2002/371/EF, 2002/740/EF, 2002/741/EF, 2005/341/EF og 2005/343/EF bør difor endrast.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 340 av 19.12.2008, s. 115, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 101/2009 av 25. september 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 19.11.2009, s. 13.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 142 av 29.5.2001, s. 10.

⁽³⁾ TEF L 87 av 4.4.2002, s. 53.

⁽⁴⁾ TEF L 133 av 15.5.2002, s. 29.

⁽⁵⁾ TEF L 236 av 4.9.2002, s. 10.

⁽⁶⁾ TEF L 237 av 5.9.2002, s. 6.

⁽⁷⁾ TEU L 115 av 4.5.2005, s. 1.

⁽⁸⁾ TEU L 115 av 4.5.2005, s. 35.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 2001/405/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriterier for produktgruppa «mjukpapirprodukt» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 4. januar 2010.»

Artikkel 2

I vedtak 2002/255/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriterier for produktgruppa «fjernsynsapparat» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. oktober 2009.»

Artikkel 3

I vedtak 2002/371/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriterier for produktgruppa «tekstilprodukt» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2009.»

Artikkel 4

I vedtak 2002/740/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriterier for produktgruppa «madrassar» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2009.»

Artikkel 5

I vedtak 2002/741/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriterier for produktgruppa «kopieringspapir og grafisk papir» og de tilhøyrande kravene til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. mai 2010.»

Artikkel 6

I vedtak 2005/341/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriterier for produktgruppa «personlege datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. mai 2010.»

Artikkel 7

I vedtak 2005/343/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriterier for produktgruppa «berbare datamaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. mai 2010.»

Artikkel 8

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 15. desember 2008.

For Kommissjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommissjonen